

Leiar

Det kan bli nei

Ei meningsmåling utført på oppdrag av lokalavisene Bø blad og Kanalen sist veke har teke tempen på stemninga rundt kommunesamanslåing i Midt-Telemark - cirka ein måned før folkeavstemminga 10. april i Bø og Nome. I Sauherad har ein valt opinionsundersøking framfor folkeavstemming, men det er likevel naturleg å spørje innbyggjarane også der om kor dei står.

Resultatet av meningsmålinga viser ikkje uventa at det er fleirtal mot samanslåing i Nome, men med motsette haldningar mellom Lunde og Ulefoss. I Lunde er stemninga betydeleg større for ein Midt-Telemark-kommune enn i jernverksbygda.

I Sauherad, derimot, er det eit solid fleirtal for samanslåing, så solid at det skal mykje til for at det blir endra når svaret på opinionsundersøkinga kjem.

Bø har òg eit fleirtal for samanslåing, men det er vesentleg mindre og meir skjørt enn det ein finn i Sauherad. At Nome går så sterkt imot samanslåing kan også endre ja-fleirtalet i vår eiga bygd. Sjølv om det fortsatt er nokre veker att før folkeavstemminga, indikerer meningsmålinga at det like gjerne kan bli nei til ein ny Midt-Telemark-kommune som ja.

Sett med Bø-auge har det lenge vore tydeleg at den negative stemninga mot kommunesamanslåing har slått alvorleg rot i Nome, og at det er sterke og mange krefter i denne kommunen som ikkje vil ha noko med spesielt Bø å gjere, nesten uansett. Det er eit signal ein må ta på alvor, uansett kva det endelege resultatet av ei folkeavstemming blir. Med så mykje skepsis og mistru til samarbeid frå eitt hald kan det bli svært krevjande å starte noko nytt saman. At ein klarar å leggje ting bak seg og gå saman fram mot noko nytt er slett ikkje sikkert, det er Nome kommune i seg sjølv eit godt eksempel på. Etter 50 år saman i denne kommunen er det fortsatt store motsetningar her.

Også Sauherad slit med indre motsetningar, usemje mellom dei ulike lokalsamfunna og manglande evne til å satse heilskapleg saman. Ifølgje meningsmålinga er likevel stemninga annleis her – med større tru og ønskje om samarbeid med andre, enten den eine eller andre vegen.

Desse utfordringane har ein aldri hatt i Bø, der lukka har vore satsinga på eitt sterkt sentrum. Det kan derfor vere vanskeleg for ein bøhering å forstå desse motsetningane og manøvrere klokt etter dei.

Alt dette er det viktig å ta inn over seg, enten ein er frå Nome, Bø eller Sauherad dersom det likevel skulle bli ja til ei samanslåing. Da må målet vere å leggje ned våpna og byggje seg sterke saman – viss ein klarar.

Dersom det blir nei til samanslåing, får ein ta tida til hjelp, arbeide godt hos seg sjølv og kanskje heller sjå etter andre og meir positive samarbeidspartnarar etter kvart - om det skulle vere nødvendig.

Hilde Eika Nesje

Hilde Eika Nesje
Ansvarleg redaktør

Alt klart for strø



Vinterland. Det blir aktivitetar i både bakke og i kafé i Vinterland på Jønnebu. Her frå ein konsert på langfredag for to år sidan.

Gode snøtilhøve, godt vèrvær og mykje folk i alle hytter talar for ei god start på påskeveka på Lifjell. Skisenteret forventar travle dagar.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf 906 38 453

Lifjell stod fram som eit svært attraktivt område for vinterferiegjestar i år. Alt klaffa i høve snø, vèr og tilstrøyming av folk.

– Hovudtrykket kom i veke åtte som blei ein fest frå start til slutt. Det var rett og slett "all time high", seier ein nøgd Kari Anne Norheim Hanstad ved Lifjell skisenter, og legg til at med flott vintervèr og mykje folk strøymde det over med flotte vinterbilete frå Lifjell på sosiale media.

Ventar storinnrykk

I tillegg til å drive skisenteret og Vinterland på Jønnebu driv Hanstad også hyttekomplekset Lifjell Tunet. Ho fortel at pågangen for å leige hytter på fjellet i påska er stor.

– Lifjelltunet har vore fullbooka til påske halvannen måned nå, seier Hanstad, og legg til at det er moro å vere i bransjen med stor tilstrøyming av

vintergjester.

Lifjell-aktørane merkjer seg også auka besøk av danskar, tyskarar, polakkar og engelskmenn.

– Med dei gode snøtilhøva forventar me storinnrykk til påske. Langtidsvarselet er flott, og med fullt belegg på Lifjelltunet, privathytter og andre dagsbesøkande blir det travle dagar, seier Hanstad, og kan freiste med ei rekkje aktivitetar og tilbud i påskeveka.

Mykje å by på

Det er nonstop ski i skisenteret kvar dag frå ti om morgonen til ni på kvelden, pizzakveld med kveldsope i Vinterland, samt afterski skjærtorsdag og langfredag i Vinterland med levande musikk av Carl-Henrik Nilsen. Det tradisjonsrike påskerennet går av stabelen påskeeftan, også det i Vinterland.

Langrennsløypene blir køyrd opp i helgane pluss to-tre gonger i veka etter behov og vèrforhold. I feriane blir det løypekøyning kvar dag.

– Om føret held seg blir det ope også helga etter påske og me ønskjer alle velkommen til fjells, seier Hanstad.

Ny tråkkemaskin

Lifjell skisenter har bak seg ein sesong med stor aktivitet. Det



har gått slag i slag sidan open bakke i januar, og det har vore godt med snø, eller kvitt gull som dei kallar det, utover i februar. Det har vore kveldskøyning og treningar, samt renn i regi av telemarks- og alpingruppa, telemarksuperski/ Telemark Winter-Tour og stor aktivitet i dugnadsapparatet rundt Lifjell Løypelag. Skisenteret har også investert for

 **Bøblad**

31. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2015: 2542
Medlem i Landslaget for lokalviser (LLA)

Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
mob. 406 24 528
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no
pdf versjon: buyandread.com



Redaktør/dagleg leiar:
Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no



Journalist:
Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no



Journalist:
Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no



Journalist:
Gro B. Røiland
930 22 398
gro@boblad.no



Salsansvarleg:
Rune Digranes Bøen
950 85 949
marked@boblad.no



Grafikar/annonse:
Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no



Avismedarbeidar:
Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonse@boblad.no

Frilansarar:
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbeheld seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementsprisar:

Halvår kr 580,- heilår kr 920,-
Studentab. kr 580,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:

Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.
Utgjeve av Bø blad AS
Org nr.: 842 831 032

Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU

Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presse-forbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgata 17, Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo. E-post: pfu@presse.no Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55